

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
Norsk	Ytra dine eigne meningar skriftleg og munnleg, og å begrunna dei med passande argument Kjenna igjen ulike måtar å argumentera på Kjenna igjen dei retoriske verkemidla <i>etos, patos og logos</i> Ytra meininga di om eit tema som opptar deg, både skriftleg og munnleg
Engelsk	<u>Bokprosjekt:</u> <ul style="list-style-type: none"> ○ Lytta til og lesa i ei engelsk bok ○ Skriva oppsummeringar med relevant informasjon Skapa ei eiga mening og argumentera for ho
Matematikk	Løysa enkle likningar ved hjelp av multiplikasjon og divisjon Løysa likningar som inneheld ein eller fleire brøkar Kontrollera løysningar på ei likning ved å rekna ut venstre og høgre side i ei likning kvar for seg Bruka ulike strategiar ved problemløysing
Samfunnsfag	Forklara korleis jordbruksrevolusjonen fann stad Reflektera rundt korleis teknologi og samfunnsendingar høyrer saman
KRLE	Diskutera etiske spørsmål Samtala om filosofi Forklara omgrep knytt til etikk
Naturfag	Forklara kva vi meiner med fornybare og ikkje-fornybare energikjelder Gjera greie for kva vi brukar energi til
Kroppsøving	Trena på og utvikla ferdigheiter i varierte bevegelsesaktivitetar
Spansk	Seia kva du vil kjøpa Seia kva du vil ha / ikkje vil ha Spørja om kva noko kostar Snakka om mat og klede Kunna fargar på spansk Kunna lista opp verb med vokalforandring Forklara litt om mattradisjonar i Spania, Latin-Amerika og Noreg
Tysk	Snakka og skriva om vener og familie Bruka høfleg form Seia at noko eller nokon tilhøyrer deg Skildra personar Seia kva du kan, vil eller skal gjere
Eng fordj	Arbeida med vokabular knytt til mat Les oppskrifter på engelsk, og omsetja dei til norsk.
K&H	<u>Broderi:</u> Finna motiv og laga mønster til eige arbeid Brodera eit mønster som liknar skissa og mønsteret ditt Laga prosessnotat <u>Skulptur:</u> Visualisera form ved hjelp av frihandsteikning og arbeidsteikning Formgje tre Bruka ulike verktøy og material på ein hensiktsmessig og miljøbevisst måte Vurdera haldbarheita til materialet Presentera val frå idé til ferdig resultat i eit enkelt prosessnotat

Kantine	Laga god og ernæringsriktig mat Halda god hygiene Jobba med rekneskap og plakattedesign Gjennomføra sal Hugs forkle og hårstrikk til alle kjøkkenøker
Friluftsliv	Planleggja og gjennomføra tur om våren, inkl.overnatting Ferdast trygt og sporlaust, ta ansvar for seg sjølv og andre Kunna teknikkar knytt til tauknuter, bål, førstehjelp og reidskapar Vurdera og forklara val av rute, leirplass og klede
Programmering	Designa eit spel med eige design og funksjonalitet
Olweus	Korleis snakkar me om og til kvarandre? Planleggja aktivitetar for klassefelleskap

INFORMASJON TIL HEIMEN

Endringar i personalet

Me får litt endringar i personalet no etter at Christine D og Nadja har slutta og begynt i ny jobb. Me har tilsett ein ny lærar som heiter Stian og ein ny miljørettleiar som heiter Emilie. Begge to startar i veke 18, og skal vere mest på 8.trinn fram til sommaren.

Fridagar

Mai kjem med ein del fridagar, og me minner om at elevane har fri onsdag 1.mai i veke 18 og torsdag 9. og fredag 10.mai i veke 19.

TINE-stafetten

Me skal vera med på TINE-stafetten tysdag 7.mai. Ein del elevar skal til Lye og springa stafett, og resten av trinnet spring stafett/løp rundt skulen samstundes. Dei som skal til Lye må hugsa sykkel og hjelm denne dagen.

Friluftsliv valfag på tur

Friluftslivsgruppa skal på overnattingstur 7.-8.mai. Sjå meir info på vekeplanen og på OneNote/Teams.

Helsing oss på 8.trinn

HEIMEARBEID VEKE 18	
Norsk	<p>Sjå talen til Martin Luther King jr. frå 1963 her: I Have a Dream speech by Martin Luther King .Jr HD (subtitled) (youtube.com)</p> <p>Kva appellformer finn du i talen? Vis gjennom eksempel.</p>
Engelsk	<p>Les sidene og gjer desse oppgåvene. Ta skjermbilete av fullført oppgåve og lim inn på ON:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Mark the adjectives • Comparing with adjectives (Alle tre oppgåvene, eit skjermbilete for kvar tabell).
Matematikk	<p>Å finna den ukjende og løysa likningar ved hjelp av addisjon og subtraksjon</p> <p>Oppgåveboka s. 138-141, oppg.nr. 3.163, 3.164, 3.166, 3.168, 3.169 og 3.171</p>
Samfunnsfag	<p>Les om jordbruksrevolusjonen på Aunivers, og svar på “Finn svaret”- spørsmåla. Oppsummer kva jordbruksrevolusjonen er.</p>
KRLE	<p>Begreptest (multiple choice) i siste KRLE-timen, på desse omgrepa: Etikk, samvittighet, moral, amoralsk, empati, respekt, verdier, dialog, menneskeverd, dilemma, pliktetikk, konsekvensetikk, eksistensielle spørsmål, rettferdig</p>
Naturfag	<p>Sjå på biletet s. 160 i Solaris 8. Biletet viser eit vassmagasin som er bygd for å kunna utnytta stillingsenergien til vatnet.</p> <p>Kva tenkjer du på når du ser biletet? Kva positive og negative tankar får du? Veit du andre døme på korleis vi utnyttar energikjelder i naturen?</p>
Kroppsøving	<p>Gym: Turn/akrobatikk</p> <p>Symjing: Oddetalsveker: 8 A+B. Partalsveker: 8 C+D.</p>
Spansk	<p>Forebu deg til mini-samtale. Samtalen skal handle om fritid og hva du gjør etter skolen. Du må ha minst 3 setninger på spansk.</p>
Tysk	<p>ON-Hjemmearbeid-Woche 18. Førebuing til munnleg vurdering</p>
Programmering	<p>Me har fri onsdag denne veka. Jobb gjerne litt med spelet ditt heime.</p>

HEIMEARBEID VEKE 19	
Norsk	Les 40 minutt i boka di. Registrer lesinga di på ON.
Matematikk	Løysa likningar ved hjelp av multiplikasjon og divisjon og løysa likningar med fleire brøkar Oppgåveboka s. 141-145, oppg.nr. 3.174, 3.175, 3.176, 3.178, 3.179
Kroppsøving	Gym: Turn/akrobatikk Symjing: Oddetalsveker: 8 A+B. Partalsveker: 8 C+D.
Programmering	Me jobbar vidare med koding og design av spel i MakeCode Arcade.
Friluftsliv	Tysdag kl.17.00: Møt på parkeringsplassen ved Sivdammen. Ha med sekk, utstyr, mat og klede for overnattingstur. Sjå pakkeliste på OneNote/Teams. Tilbake frå tur onsdag ca.kl.12.00.

Bryne ungdomsskule

